FOTO: ANDERS TOTLAND Dato: 16.04.2009
Stemning i både lys og lyd.

Magiske Vamp

Spelte stemninga til taket på Husnes i kveld.

Anders Totland - Publisert torsdag 16. april 2009

KVINNHERAD: Nærmare 300 personar hadde funne vegen til kulturhuset på Husnes, for å oppleva ein time og tre kvarter med Vamp torsdag kveld. Og dei frammøtte fekk sanneleg valuta for pengane.

Sjå òg: BILETSERIE FRÅ VAMP PÅ HUSNES.

Frå første vise viste publikum at dei sette pris på framsyninga, og det var tidvis både taktfast applaudering og plystring å høyra frå benkeradene, til det til slutt kulminerte i stående ovasjon då ein skulle tru konserten var ferdig.

Men det var han ikkje.

Med heile salen stående, sette karane på scena like godt i gong med enda ein song. Og som kyrkjelydar som kjenner si vitjingstid, vart dei stående slik under siste songen.

FOTO: ANDERS TOTLAND Dato: 16.04.2009
Vamp serverte fleire nye låter, men publikum fekk òg høyra dei gamle klassikarane.

FOTO: ANDERS TOTLAND Dato: 16.04.2009
Eit utall instrument vart teke i bruk i løpet av konserten.

FOTO: ANDERS TOTLAND Dato: 16.04.2009
Stemning i både lys og lyd.

FOTO: ANDERS TOTLAND Dato: 16.04.2009
Øyvind Staveland har fått med seg sonen Odin (bak til venstre), som både speler trommer, piano og syng.

FOTO: ANDERS TOTLAND Dato: 16.04.2009
Øyvind Staveland spelte så hestehalehåra fauk frå bogen.

FOTO: ANDERS TOTLAND Dato: 16.04.2009
Nærmare 300 personar fekk med seg Vamp på Husens torsdag kveld.